

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 210	17/734

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
056/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

### Økonomisk rapportering pr. 2.tertial/31.08.2017

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

2 tertialrapport 2017

##### Dato

18.09.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gongar pr år. I økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

#### Høyring

Rapport med oppdatert rekneskap 31.08.2017 vart sendt ut den 7.september til budsjettansvarlege, og med frist for tilbakemelding **14. september 2017**

#### Uttale

Rekneskapskommentarar frå avdelingane/rapportering i visma.

#### Fakta

Viser til sjølve rapporten, som følgjer som saksvedlegg

### **Vurdering**

Drifta viser eit netto driftsresultat pr. 2. tertial 2017 på 3,9%, og kr. 5.247.781. Resultatet er tett opp mot tilsvarande tal i 2016.

Korrigert for statstilskot for prosjekt som Masfjorden er vertskommune for vert netto driftsresultat 2,5%.

Det er pr. 2.tertial bokført nær 1,1 mill.kr. i kostnader knytt til realisering av Masfjordsambandet, og det er forventa at denne kostnaden vert vesentleg høgare i løpet av året – stipulert til 4-5 mill.kr., og dette er eit forhold som vil ha stort utslag på netto driftsresultat i 2017, og som kan medverke til at ein ikkje når målsetjinga for netto driftsresultat på 1,75% i 2017. Legg til grunn at desse kostnadene vert dekkja av fond, og dermed ikkje konsekvensar for sjølve rekneskapsresultatet.

Det er nokre områder med overskriding allereie etter 2.tertial, og andre områder som går i pluss, og det er vanskeleg å gje ein sikker prognose for 2017. Skatteinngangen er heller svak. Ein forventar eit svakt netto driftsresultat i 2017, men at drifta samla sett vil gå ut i balanse.

På investeringsida går dei fleste prosjekt i samsvar med revidert investeringsbudsjett, men kostnadene kjem i hovudsak i siste tertial. Slik stoda er pr. dato forventar ein at investeringane vert om lag 12 mill.kr., av eit budsjett på 32,5 mill.kr., og kor det store prosjektet – omsorgsbustadar Hosteland vert forskyve med eit nytt budsjettår – men at alle formelle forhold snart er på plass, og anbodspapira kan leggjast ut i 2017.

### **Konklusjon**

Økonomisk rapportering 2. tertial 2017 vert teken til vitring.

### **Formannskapet - 085/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring**

## **Kommunestyret - 056/2017**

### **KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

**Økonomisk rapportering pr. 2.tertial 2017 vert teken til vitring**